



TELEMARK FYLKESKOMMUNE  
Administrasjonen



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Ref. 200605083-/CB

Vår ref. 06/5684-6  
A40 /SKIS

Dato 15.12.2006

## HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I FRISKOLELOVEN

Vi viser til brev av 10.10.2006.

Telemark fylkesting behandlet høringsforslag til lov om private skoler med rett til statstilskudd i møte 06.12.2006, sak nr. 35/06.

Kopi av saksframlegg for fylkestinget med fylkestingets vedtak i saken følger vedlagt.

*Sverre Skifjell*  
Sverre Skifjell  
rådgiver - Strategi og planlegging  
sverre.skifjell@t-fk.no

Vedlegg:  
Fylkestingssak nr. 35/06 uten vedlegg



**Sak nr. 35/06**

**LOV OM PRIVATE SKOLAR MED RETT TIL STATSTILSKOT -  
HØYRING**

Arkivsaksnr.: 06/5684  
Arkivkode: A40  
Møtedato: 06.12.2006  
Saksbehandler: Sverre Skiffell  
Saksordfører: \*  
Behandling i:  
60/06 Hovudutval for kompetanse  
35/06 Fylkestinget

**Fylkestinget i møte den 06.12.2006 sak nr. 35/06:**

**Vedtak i Fylkestinget**

**Fylkestinget i Telemark sluttar seg til framløgget til ny lov med følgjande kommentarar:**

1. *Private skolar som får tilskott etter privatskolelova kan få tilskott på følgjande grunnlag: Religiøst, anerkjend pedagogisk retning, internasjonalt og særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrott.*
2. *Privatskolar som blir etablerte og drivne på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning må ha undervisningspersonale som i tillegg til godkjend lærarutdanning også har spesialkompetanse innafor den aktuelle pedagogiske retninga.*
3. *Privatskolar som etablerast og blir drivne på eit internasjonalt grunnlag skal følgje internasjonale læreplanar og sertifiserast av den organisasjon som har utarbeidd læreplanane.*
4. *Det bør leggjast til rette for vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrott innafor utdanningsprogram for studiespesialisering og idrottsfag under føresetnad at desse tilboda får tilskott etter dei normale satsane for desse utdanningsprogramma. .*
5. *Ved vurdering av søknadar skal det leggjast vekt på fråsegna frå vertsfylke.*
6. *Det bør etablerast eit klårt skilje mellom skolar som høyrer inn under privatskolelova og skolar som høyrer inn under fagskolelova.*
7. *Skoledrifta ved privatskolar bør organiserast som eige rettssubjekt med eiga rekneskapsføring.*
8. *Privatskolar bør ikkje ha høve til å taka inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring.*
9. *Private skolar bør ikkje ha høve til å krevje depositum av søkjarar.*

10. *Private skolar må følgje dei same rapporteringssystem som offentlege skolar slik at ressursbruken kan samanliknast.*
11. *Personalet ved private skolar må ha dei same pensjonsvilkåra som i tilsvarende offentlege skolar.*

### Behandlinga i Fylkestinget

Representanten Håvard Haukvik, , fremja følgjande forslag på vegne av H, Frp og uavhengige: "Friskolelova vert behandla utan endringar."

Representanten Jørund Ruud,Ap, fremja følgjande forslag:

"Ny innleing:

Fylkestinget i Telemark sluttar seg til framlgget til ny lov med følgjande kommentarar:"

Votering:

Tilrådinga i Hovudutval for kompetanse blei sett opp mot forslaget til Håvard Haukvik.

Tilrådinga i Hovudutval for kompetanse blei vedteke med 25 mot 16 røyster.

Jørund Ruuds forslag blei vedteke med 25 mot 16 røyster.

### Hovudutval for kompetanse i møte den 09.11.2006 sak nr. 60/06:

#### Tilråding i Hovudutval for kompetanse

1. *Private skolar som får tilskott etter privatskolelova kan få tilskott på følgjande grunnlag: Religiøst, anerkjend pedagogisk retning, internasjonalt og særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrott.*
2. *Privatskolar som blir etablerte og drivne på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning må ha undervisningspersonale som i tillegg til godkjend lærarutdanning også har spesialkompetanse innafor den aktuelle pedagogiske retninga.*
3. *Privatskolar som etablerast og blir drivne på eit internasjonalt grunnlag skal følgje internasjonale læreplanar og sertifiserast av den organisasjon som har utarbeidd læreplanane.*
4. *Det bør leggjast til rette for vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrott innafor utdanningsprogram for studiespesialisering og idrottsfag under føresetnad at desse tilboda får tilskott etter dei normale satsane for desse utdanningsprogramma. .*
5. *Ved vurdering av søknadar skal det leggjast vekt på fråsegna frå vertsfylke.*
6. *Det bør etablerast eit klart skilje mellom skolar som høyrer inn under privatskolelova og skolar som høyrer inn under fagskolelova.*
7. *Skoledrifta ved privatskolar bør organiserast som eige rettssubjekt med eiga rekneskapsføring.*
8. *Privatskolar bør ikkje ha høve til å taka inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring.*
9. *Private skolar bør ikkje ha høve til å krevje depositum av søkjarar.*
10. *Private skolar må følgje dei same rapporteringssystem som offentlege skolar slik at ressursbruken kan samanliknast.*
11. *Personalet ved private skolar må ha dei same pensjonsvilkåra som i tilsvarende offentlege skolar.*

**Behandlinga i Hovudutval for kompetanse**

Representanten Eskil Pedersen (A) sette fram følgjande forslag på vegne av A og Sv:  
 ”Punkt 3: stryke punktet.”

Pedersens forslag blei samrøystes vedteke.

Representanten Håvard Haukvik (H) sette fram følgjande forslag på vegne av H, Frp og Uavhengige:

”Hovudutvalet rår til at friskolelova vert behalde utan endringar.”

Haukviks forslag fell 5 mot 4 røyster

Framstillinga samla blei vedteke 5 mot 4 røyster

**Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen**

1. *Private skolar som får tilskott etter privatskolelova kan få tilskott på følgjande grunnlag: Religiøst, anerkjend pedagogisk retning, internasjonalt og særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrott.*
2. *Privatskolar som blir etablerte og drivne på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning må ha undervisningspersonale som i tillegg til godkjend lærarutdanning også har spesialkompetanse innafor den aktuelle pedagogiske retninga.*
3. *Godkjenning av nye norske skolar i utlandet bør omfatta både grunnskolar og vidaregåande skolar.*
4. *Privatskolar som etablerast og blir drivne på eit internasjonalt grunnlag skal følgje internasjonale læreplanar og sertifiserast av den organisasjon som har utarbeidd læreplanane.*
5. *Det bør leggjast til rette for vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrott innafor utdanningsprogram for studiespesialisering og idrottsfag under føresetnad at desse tilboda får tilskott etter dei normale satsane for desse utdanningsprogramma. .*
6. *Ved vurdering av søknadar skal det leggjast vekt på fråsegna frå vertsfylke.*
7. *Det bør etablerast eit klårt skilje mellom skolar som høyrer inn under privatskolelova og skolar som høyrer inn under fagskolelova.*
8. *Skoledrifta ved privatskolar bør organiserast som eige rettssubjekt med eiga rekneskapsføring.*
9. *Privatskolar bør ikkje ha høve til å taka inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring.*
10. *Private skolar bør ikkje ha høve til å krevje depositum av søkjarar.*
11. *Private skolar må følgje dei same rapporteringssystem som offentlege skolar slik at ressursbruken kan samanliknast.*
12. *Personalet ved private skolar må ha dei same pensjonsvilkåra som i tilsvarande offentlege skolar.*

## Problemstillinga i få ord

Kunnskapsdepartementet har i brev av 10.10.2006 sendt ut forslag til lov om private skolar med rett til statstilskot. Uttalefristen er 02.01.2007. Den tidligare privatskolelova blei frå 01.10.2003 avløyst av friskolelova. I Soria Moria – erklæringa heiter det mellom anna:

”Regjeringen vil

(---) gjennomgå regelverk og støtteordningar for private skoler for å stramme inn utbredelsen av private skoler som ikkje utgjør et religiøst eller pedagogisk alternativ til den offentlige skolen.” Stortinget vedtok i vårhalvåret 2006 ei endring i friskolelova som galdt frå 09.06.2006. Endringa innebar mellom anna at høve til å godkjenne nye friskolar blei mellombels oppheva. Den fastsette vidare at godkjende skolar som ikkje var i drift per 13.12.2005 ikkje får drive verksemd etter friskolelova. Departementet har nå sendt ut eit nytt framlegg til privatskolelov som skal erstatte friskolelova. Høyringsfristen er 02.01.2007.

## Saksopplysningar

### 1. Innleiing

Kunnskapsdepartementet har i brev av 10.10.2006 sendt ut forslag til ny lov om private skolar med rett til statstilskott. Uttalefristen er 02.01.2007. Denne lova vil erstatte friskolelova frå 2003. Friskolelova blei endra med verknad frå 09.06.2006. Lovendringa gjekk ut på at høve til å godkjenne nye friskolar blei mellombels oppheva. Det vart vidare fastsett at godkjende skolar som ikkje var i drift 13.12.2005, ikkje får drive verksemd etter friskolelova. Det var vidare føresetnaden at regjeringa skulle kome attende med eit nytt og endra lovframlegg for Stortinget våren 2007.

Vi gjer merksam at fylkeskommunen er forplikta til å dekkje utgifter ved desse skolane til dømes til pedagogisk-psykologisk teneste, til spesialundervisning og skyss for elevar.

### 2. Verkeområde for lova

Lova gjeld godkjenning med rett til statstilskott for private grunnskolar og private vidaregåande skolar, og vilkåra for å få slikt tilskott. Lova gjeld ikkje skolar som er omfatta av folkehøgskolelova, fagskolelova eller vaksenopplæringslova. Lova gjeld heller ikkje skolar som blir drivne av politiske grupper eller parti på politisk grunnlag. Lova gjeld ikkje fjernundervisning eller kjøp av opplæringstenester.

Presiseringa når det gjeld fjernundervisning vil etter forslaget omfatte desentralisert undervisning, nettbasert undervisning og undervisning som finn stad per brev. Etter departementets oppfatning skal opplæring etter friskolelova i hovudsak finnes stad på skolen.

### 3. Godkjenning av skolar

Departementet har valt å kalle skolane for private skolar og dette er også teke inn i framlegget til lov. Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

- a) Religiøst
- b) anerkjend pedagogisk retning
- c) internasjonalt

- d) særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrott
- e) norsk grunnskoleopplæring i utlandet eller
- f) særskilt tilrettelagt opplæring for funksjonshemma

Departementet kan ikkje godkjenne nye skolar etter bokstav f ovafor. Kravet om eit særskilt grunnlag gjeld likevel ikkje skolar som er i drift per 1.04.2007 eller godkjende etter tidlegare lovverk.

Grunnlaget for godkjenning av skolar ligg tett opp til dei reglar som galdt i den tidlegare privatskolelova som blei erstatta av friskolelova. I den tidlegare privatskolelova blei det mellom anna stilt krav om at ein skole måtte ha eit bestemt føremål, til dømes religiøst, fagleg-pedagogisk alternativ, norsk skole i utlandet eller eit kvantitativt behov. I sitt forslag nå har departementet foreslått at den nye privatskolelova ikkje skal opne for godkjenning på kvantitativt grunnlag.

#### 4. Særleg om skolar som etablerast og blir drive på eit religiøst grunnlag

Departementet foreslår at privatskolelova skal opne for skolar som drivast på eit reelt religiøst grunnlag. Dette inneberer at den einskilde skole må synleggjere verdigrunnlaget sitt i mellom anna stiftelsesdokument og læreplanar.

#### 5. Særleg om skolar som drivast på grunnlag av ein anerkjend pedagogisk retning

Med pedagogisk retning er meint at skolen følgjer eit heilskapeleg pedagogisk opplegg; ei organisering, ein metode og tilhøyrande læreplanar. Departementet meiner at skolar som skal drive verksemd på dette grunnlaget, må ha eit undervisningspersonale som i tillegg til godkjend lærarutdanning også har ei tilstrekkeleg spesialkompetanse til å gjennomføre den anerkjende pedagogiske retninga, til dømes steinerskolepedagogikk eller montessoriskolepedagogikk. Ein nasjonal modell/tradisjon, til dømes spansk eller fransk vil ikkje være ein anerkjend pedagogisk retning.

#### 6. Særleg om norske skolar i utlandet

Departementet gjer framlegg om at lova skal opne for godkjenning av nye norske grunnskolar i utlandet. Departementet gjer også framlegg om at lova ikkje skal opne for nye norske vidaregåande skolar i utlandet. Departementet vil på bakgrunn av høyringa vurdere særskilt om dei vidaregåande skolane i utlandet skal kunne drivast vidare med rett til statstilskott eller om desse skolane skal kunne få ei rimeleg overgangsordning med omsyn til avvikling.

#### 7. Særleg om skoler som er etablerte og vert drivne på eit internasjonalt grunnlag

Departementet gjer framlegg om at privatskolelova skal opne for å gje tilskott til internasjonale grunnskolar og vidaregåande skolar i Noreg. Slike skolar skal ha eit anna undervisningsspråk enn norsk og samisk. Departementet gjer framlegg om at dei internasjonale skolane skal følgje internasjonale læreplanar og at skolane skal sertifiserast av den organisasjonen som har utarbeidet desse læreplanane. Døme på ein slik læreplan er læreplan for internasjonalt baccalaureat.

#### 8. Særleg om skolar som legg til rette for vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrott

Departementet gjer framlegg om at det vert opna for fleire av dei såkalla toppidrotts gymnasa. Toppidrottsstilbod kan godkjennast innafor utdanningsprogram for idrottsfag eller utdanningsprogram for studiespesialisering.

Etter vår oppfatning må dei såkalla toppidrottsstilboda då følgje dei normale satsane som gjeld for desse to utdanningsprogramma. I dag er det ein høgare sats for nokre av desse skolane. Den er sett til kr.106.247 i framlegget til statsbudsjett for 2007.

#### 9. Om eksisterande frittstående skolar

Departementet gjer framlegg om at alle skolar som var i drift etter friskolelova fram til lovendringa som hovudregel framleis kan drive verksemda si med rett til tilskott etter privatskolelova. Dei krava det er gjort framlegg om, til dømes religiøst grunnlag eller anerkjend pedagogisk retning, vil da bare gjelde nye skolar. Dei skolane som ikkje oppfyller krava til type skole, skal også få godkjent naudsynte driftsendringar som følgje av endringar i læreplanen eller strukturen i det 13-årige opplæringsløpet. Loven vil ikkje opne for driftsendringar i form av auka elevtal, nye trinn og nye utdanningsprogram for dei aktuelle skolane.

#### 10. Om departementets vurdering av søknader om godkjenning

Friskolelova gav skolar som søkte ein rett til godkjenning og statstilskott. Departementet gjer no framlegg om at det etter privatskolelova § 2-1 ikkje skal liggje føre ein slik rett til godkjenning og tilskott etter lova, men at departementet skjønsmessig får høve til å godkjenne nye skolar og driftsendringar. Dette er også ordninga som galdt etter den tidlegare privatskolelova. Den skjønsmessige vurdering vil mellom anna byggje på kva for konsekvensar ei godkjenning vil få for den offentlege skolestrukturen, skolefaglege omsyn, behovet for skolen og budsjettmessige omsyn.

Departementet gjer framlegg om at vertskommunen og vertsfylke framleis skal kunne uttale seg før det treffast vedtak om godkjenning av ein skole. Ved vurderinga av kva for konsekvensar ei godkjenning vil få for den offentlege skolestrukturen, vil det vere relevant å leggje vekt på fråsegna frå vertskommunen eller vertsfylket. Departementet gjer framlegg om at vertskommune eller vertsfylke kan påklage departementets vedtak. Av pressemelding i samband med offentleggjering av lovframlegget, går det fram at mynde til å avgjere søknader er tenkt lagt til Utdanningsdirektoratet.

#### 11. Skolar som gjev yrkesretta opplæring som ikkje blir gjeven ved offentlege vidaregåande skolar

Etter friskolelova Kap. 6A kan departementet godkjenne vidaregåande skolar i Noreg som har til føremål å gje yrkesretta opplæring som ikkje blir gjeven ved offentlege skolar. Godkjende skolar får dekt 75 % av tilskottsgrunnlaget.

Det er store ulikskapar mellom desse skolane. Nokre av skolane gjev yrkesretta opplæring på vidaregåande skoles nivå, medan andre gjev fagskuleutdanning og er godkjende av NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga). Mange av desse skolane har utvikla faglege opplegg og opptakspraksis som primært rettar seg mot personar som har gjennomført vidaregåande skole.

Departementet foreslår ei opprydding av kva for skolar som skal høyre inn under dei ulike lovverka. Departementet gjer framlegg om å behalda reglane i kap. 6A i friskolelova i den nye privatskolelova i 3 år rekna frå det tidspunkt den nye lova trer i kraft. Etter dette vil regelen bli oppheva. Dei skolane som er godkjende etter denne regelen vil i løpet av desse 3 åra kunne innretta seg etter reglane i privatskolelova eller reglane i fagskolelova. Departementet vil greie ut om kva for lovverk skolar som eventuelt ikkje kan tilpassa seg desse to lovane kan høyre inn under. Blant lovane som er nemnde er folkehøgskolelova.

#### 12. Forbod mot å drive annan verksemd

Departementet gjer framlegg om at skoledrifta etter privatskolelova skal organiserast som eige rettssubjekt. Skolen skal kunne drive internat og skolefritidsordning som er knytt til skolen, men kravet om skilje mellom drift etter privatskolelova og internat og skolefritidsordning blir oppretthalde, mellom anna med krav om separat regnskapsføring.

#### 13. Minstekrav for elevtal

Departementet gjer framlegg om ein skole skal ha 20 elevar for å kunne få tilskott.

#### 14. Inntak av vaksne

Etter friskolelova § 3-1 kan vaksne med rett til vidaregåande opplæring få tilbod ved ein frittstående skole. Ved oversøking skal likevel ungdom med rett prioriterast framfor vaksne med rett. Det er ein føresetnad for inntak at heimfylket vurderer realkompetansen til den einskilde vaksne. Frittstående vidaregåande skolar som ved endringa av friskolelova i 2004 hadde vaksne elevar utan rett til vidaregåande opplæring, skal etter forskrift til friskolelova framleis ha høve til å ta inn slike søkjarar med same talet som dei faktisk hadde i skoleåret 2004/2005.

Departementet foreslår nå at frittstående vidaregåande skolar ikkje lenger skal kunne ta inn vaksne utan rett til vidaregåande opplæring. For dei skolane som har teke inn vaksne utan rett er det gjort framlegg om ei overgangsordning på eit år etter at den nye lova er tredt i kraft.

Dette forslaget inneberer at fylkeskommunen ikkje lenger vil bli trekt i ramme tilskottet for ei gruppe som ikkje er prioritert gjennom individuelle rettar i opplæringslova.

#### 15. Offentlege tilskott og skolepengar

Hovudregelen er at skolane får eit statstilskott på 85 pst. av tilskottsgrunnlaget per elev. Til grunn for tilskottsgrunnlaget ligg gjennomsnittlege driftsutgifter per elev i den offentlege skolen. Vidare går det fram av friskolelova at alle offentlege driftstilskott og eigendelar frå elevane skal kome elevane til gode. Det er presisert i lova at dette mellom anna inneber forbod mot utbetaling av utbytte eller overføringar til eigarane eller nærstående.

Nokre friskolar krev inn depositum frå elevane, når dei søker. Dersom ikkje elevane byrjar på den aktuelle skolen får dei ikkje att desse pengane. Dette er ikkje særskilt omtala i utgreiinga frå departementet. Vi er av den oppfatning at det bør takast inn i lova at det ikkje er høve til å taka depositum av elevane.

## 16. Krav til rekneskapsføring, rapportering osv

Departementet gjer framlegg om at privatskolane skal følgje rekneskapslova, bokføringslova og ha revisjon i samsvar med revisorlova. Departementet skriv også at Statistisk Sentralbyrå (SSB) treng reneskapsdata frå dei private skolane etter same prinsipp som gjeld for kommunanes rapportering til Kostra. Ei slik rapportering vil gjere det mogeleg å utarbeide statistikk og gjer samanlikningar av ressursbruken i private og offentlege skolar.

Departementet vil vurdere konsekvensane av eit slikt rapporteringssystem nærare. Departementet foreslår derfor no at det blir fastsett ein forskriftsheimel i lova om rapportering av informasjon om ressursbruk og tenesteproduksjon til bruk i nasjonale informasjonssystem. Ei eventuell slik forskrift vil bli sendt på høyring.

## 17. Tilsetting av personale

Etter lovforslaget § 4-4 har personale rett til same løns- og arbeidsvilkår som i tilsvarende offentlege skolar.

Vi vil understreka at personalets løns- og arbeidsvilkår også må omfatta pensjonsvilkår.

## **Vurdering frå fylkesrådmannen**

Fylkesrådmannen vil vise til utgreiinga ovafor og til forslag til vedtak.

### *Vedlegg:*

*Brev av 10.10.2006 frå Kunnskapsdepartementet*

*Høringsnotat om forslag til endringar i friskolelova*

*Utkast til lov om private skoler med rett til statstilskott (privatskolelova)*